



Hlm Arkitektur AS  
C. Sundts gate 1  
5004 BERGEN

**Referanser:**

Dykkar: Per Høygaard Nielsen  
Vår: 19/1258 - 19/18124

**Saksbehandlar:**

Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

**Dato:**

07.06.2019

## Løyve til å riva tomannsbustad - gbnr 137/139

### Administrativt vedtak. Saknr: 341/19

**Tiltakshavar:**

Lindås kommune ved eigedomsavdelinga

**Ansvarleg søkjar:**

Hlm Arkitektur AS

**Søknadstype:**

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av bustad med adresse Nedre Alver 28 A og B og bygningsnummer 176211377 på gbnr 137/139. Bustaden, som er oppført på 1970-talet, har to etasjar og kjeller. Grunnflata er opplyst til ca. 100 m<sup>2</sup> og samla bruksareal til 200 m<sup>2</sup>.

Tiltaket omfattar berre riving. Bygget skal rivast for å realisera tekniske anlegg knytt til nye Alversund skule slik det går fram av godkjend reguleringsplan.

Det vert elles vist til søknad mottatt 20.03.2019 med tilleggskommunikasjon mottatt 21.05.2019.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 21.05.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i områdereguleringsplanen for Alversund, planid 1263-200902 er avsett til grøntstruktur G2, gang- og sykkelveg o\_SGS5 og offentleg og privat tenesteyting BOP2. Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med plan og krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### Nabovarsel

---

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

#### **Plassering**

Tiltaket som skal rivast er vist i situasjonsplan mottatt 20.03.2019.

#### **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomen er tilknytt kommunalt vassverk og har privat avløpsløyving der avløpet vert reinsa i slamavskiljar.

#### **Tilkomst, avkøyrsløysing og parkering**

Ikkje relevant for søknaden.

#### **Avfallsplan**

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **VURDERING**

Stenging /fråkopling av vassforsyninga til eigedomen skal meldast til kommunen ved eining for teknisk drift før arbeidet vert sett i gang.

Slamavskiljaren skal til ei kvar tid vera sikra slik at personar eller dyr ikkje fell ned i kummen, jf. plan- og bygningslova § 28-6. Slamavskiljarar som ikkje er i bruk bør fjernast eller fyllast igjen.

Avfallsplan og miljøsaneringsrapport ligg føre.

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner denne.

#### **Konklusjon:**

Søknad om riving vert godkjend slik han ligg føre.

Når rivinga er avslutta med ferdigattest vil kommunale gebyr verta sletta.

#### **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3, vert det gjeve løyve til å riva tomannsbustad med adresse Nedre Alver 28 A og B og bygningsnummer 176211377, på følgjande vilkår:**

- 1. Rivinga omfattar bygg med bygningsnummer 176211377.**
- 2. Eigedomen skal vera forsvarleg sikra under rivingsarbeidet, jf. pbl. § 28-2.**
- 3. Alt rivingsavfall skal leverast som næringsavfall til avfallsmottak godkjend av forureiningsstyresmakta.**
- 4. Stenging/fråkopling av vassforsyninga til eigedomen skal meldast til kommunen ved eining for teknisk drift før arbeidet vert sett i gang.**

5. Slamavskiljaren på eigeidomen skal til ei kvar tid vera sikra slik at personar eller dyr ikkje fell ned i kummen, jf. plan- og bygningslova § 28-6. Slamavskiljarar som ikkje er i bruk må fjernast eller fyllast igjen.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1258**

#### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

#### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Eining for teknisk drift  
Hlm Arkitektur AS  
Lindås kommune ved  
eigedomsavdelinga  
Lindås kommune ved  
eigedomsavdelinga

C. Sundts gate 1	5004	BERGEN
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Hlm Arkitektur AS

C. Sundts gate 1	5004	BERGEN
------------------	------	--------